

Innkomne innspel etter utsending av saka

Merete Husabø Nornes

Fra: Sonja Merethe Øvre-Flo
Sendt: onsdag 15. november 2017 17:29
Til: Hovudutval for opplæring (HO)
Emne: TIP samarbeid i Nordfjord

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei,

Stryn har mange bedrifter som har behov for lærlingar og faglært arbeidskraft og som De veit er det sterkt ønskeleg og tenleg å kunne utvide og formalisere eit samarbeid innan TIP i Nordfjord.

Per i dag er TIP utdanningane lagt til Eid og Måløy vgs og kun nokre få elevar frå Stryn søkjer seg til Eid på TIP. Dersom vi får etablert eit gjensidig samarbeid som opnar opp for at elevane frå Stryn kan få gjennomført delar av utdanninga lokalt i Stryn, vil nok fleire søkje denne utdanninga.

Ønskjer å diskutere følgjande TIP samarbeidsmodell på møtet tysdag 21.11.17:

År 1		År 2		År 3	År 4
Programfag	Eid vgs evt. Måløy	Programfag	Eid vgs evt. Måløy	Læretid	Læretid
Yrkesfagleg fordjuping (YFF) – 1 heil dag	Relevant bedrift i Stryn	Yrkesfagleg fordjuping (YFF) – 1 heil dag	Relevant bedrift i Stryn	Relevant bedrift i Stryn	Relevant bedrift i Stryn
Fellesfag	Stryn vgs	Fellesfag	Stryn vgs		

Med ovannemnde modell er TIP Vg1 og Vg2 elevane framleis knytt til Eid og Måløy vgs. og eleven tilhøyrer/ er registrert som elev ved den aktuelle skule.

Det som er interessant i ein slik type modell er å nytte seg at fleksibiliteten i fag og timefordeling Jf. Forskrift til Opplæringslova §1 -3 «*Tilpassa opplæring og tidleg innsats*

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten».

Fordelen i ovannemnde modell er at elevane frå Stryn alt frå Vg1 kan fordjupe seg i ønskja lærefag og knyte kontakt/relasjon til bedriftene sånn næringslivet i Stryn ber om.

Med venleg helsing

Sonja Øvre-Flo
Tlf: 975 21 188
sonja.merethe.ovre-flo@sfj.no

Innspel til Hovudutval for opplæring

Det er med stor interesse vi les saksframlegget for opplæringstilbodet for skuleåret 2018 – 2019 når vi kjem til utgreiinga innan teknikk og industriell produksjon.

I dette notatet kjem vi med innspel på følgjande:

- *Kommentarar til noko av saksframstillinga for Opplæringstilbodet for skuleåret 2018 – 2019*
- *Vg1 Teknologi og industriellproduksjon*
- *Justering elevtal Vg2 Plast og komposittfag og Vg2 Industriteknologi*

Kommentarar til saksframstillinga og vår oppfatning

I utgreiinga finn vi følgjande:

”Det er stor etterspørsel i næringslivet etter faglært arbeidskraft på dette området. Men det er framleis ei utfordring å skaffe nok læreplassar ut frå VG2 Industriteknologi og køyretøy.”

Vidare står det:

”I år, som tidlegare år, er tilgangen til læreplassar i bilfaga, elektrikarfaga og industrimekanikarfaget ikkje tilstrekkeleg i forhold til tal søkar.”

Vi synest det er underleg at det blir hevda at det er mangel på læreplassar. For oss som jobbar med dette til dagen har vi ikkje denne oppfatninga. I Nordfjord opplever nemleg vi som opplæringskontor det stikk motsette. Vi opplever eit næringsliv innan bransjen som er bekymra fordi dei ikkje har tilgang på nok elevar som vil ut i lære **og som er kvalifiserte og motiverte.**

Det blir i utgreiinga lagt vekt på at mange elevar i industrifaga mangla læreplass pr. 1. September. Det som ikkje er nemnt er kvifor dette talet er som det er. Årsakene er sjølvsagt fleire, men utifrå utgreiinga kan det virke som det er mangel på læreplassar som er den einaste årsaka. Dette stemmer rett og slett ikkje her i Nordfjord. Vi vil med dette synleggjere noko av det som ligg bak desse tala.

1. Mange av elevane er ikkje motiverte nok, og vil ikkje nok.

La oss også slå fast med ein gong at bedriftene er særskild dyktige på å ta inn lærlingar. Det er ingen nedgang i lære plassar, og behovet for rekruttering er stort både no og i åra framover. Tilbakemeldingane vi får frå våre medlemsbedrifter og næringsliv er tydelege, dei vil trenge endå fleire lærlingar dei neste åra. Kompetansebarometeret til NHO for 2017 forsterkar dette inntrykket. Men bedriftene sett sjølv sagt krav til dei elevane dei skal ta inn som lærlingar. Vi vil hevde at dei aller fleste får lære plass om dei er motiverte og vil. Ofte opplever vi at oppmøte på skule, haldningar ute på bedriftsbesøk og praksis i bedrift er avgjerande for om ein får lære plass eller ikkje. Samtidig er det viktig at elevane forstår konsekvensane av manglande karakterar i enkelte fag i høve det å få lære plass.

2. Null toleranse for fråvær utan dokumentasjon

Om vi sjølv hadde sett som ansvarleg for rekruttering i ei bedrift? Hadde vi då tatt inn nokon som har stort fråvær som ikkje er dokumentert? På generell basis er fråvær ein viktig faktor til at ein ikkje får lære plass.

3. Lokal rekruttering gir lokal suksess i framtida

Fleire bedrifter tek i dag inn lærlingar frå andre plassar, enn lokalt distrikt. Dette er positivt men for bedriftene blir dei i mange tilfelle berre ein mellomstasjon fram til fagbrevet er tatt. Vi skjønner at bedriftene er opptekne av å ha lærlingar frå nærområdet fordi det aukar sjansen for at lærlingane blir i bedrifta etter læretida. Tilbakemeldingar frå fleire av våre medlemsbedrifter støttar opp under dette argumentet.

For få elevar startar på VG1 Teknisk og Industriellproduksjon

Vi er vel kjent med skulebruksplanen til Sogn og Fjordane fylkeskommune, men vi meiner at hovudutvalet for opplæring no må lytte til bedriftene og fleire av opplæringskontora sine bekymringar/og innspel. Ved årets inntak måtte fleire av våre bedrifter hente sine lærlingar utanfor Nordfjord, dette i mangel på kvalifiserte søkjarar til lære plassane. Som vi tidlegare har skrivne i dokumentet gir det lite stabilitet for våre bedrifter som er best tent med lokale lærlingar fordi det er større sannsyn for at dei blir værande i bedrifta, også om dei vel å

reise vekk nokre år for høgare utdanning. Fleire av leiarane i medlemsbedriftene våre er tydelege på dette.

Vi kan gjerne forkynne så mykje vi ynskjer om at elevane må bli meir mobile både i høve å ta utdanninga si og for å få læreplass. Dette gjere vi dagleg i kontakt med elevar og potensielle lærlingar. Vi veit derimot at realiteten er at elevar i stor grad vel tilbod ved nærskulen sin. Heilt forståeleg. Alle bør nemleg ikkje flytte på hybel etter ungdomsskule fordi dei er ikkje modne nok. Vi trur at tanken om at fleire skal bu på hybel på sikt vil føre til dårlegare prestasjonar på skule og auka fråvær noko som heng i hop med sannsynet for å få læreplass.

Nyleg fekk Hovudutvalet for opplæring ein grundig presentasjon frå ulike aktørar i næringslivet i Nordfjord der dei utrykkjer stor bekymring til framtidig rekruttering fordi at det er for få som vel utdanning innan TIP-feltet. Desse innspela er ikkje nemnt med eit ord i utgreiinga. Det er urovekkande at dei som skal ta i mot elevane i siste del av den vidaregåande opplæringa ikkje blir høyrte, og totalt ignorerte som i dette tilfellet. Det er næringslivet som skal vere premissleverandør, og fylkeskommunen fasilitør, og ikkje motsett. Vi tør minne på at bedriftene som har spelt inn behovet Vg1 Teknologi og industriellproduksjon står for ca 5mrd i omsetning årleg og utgjør over 1000 arbeidsplassar berre i Stryn og omegn.

Vi meiner at det er viktig å tilby grunnkurs ved nærskulane til elevane, for å sikre rekruttering til VG2 løpa ved dei ulike skulane i Nordfjord, og vidare sikre lærlingar til dei ulike retningane som våre bedrifter har.

Dette argumenterer vi utifrå følgjande:

1. VG1 skal/vil på sikt rekruttere til VG2 Industriteknologi, VG2 Køyretøy, VG2 Transport og logistikk, VG2 Plast og komposittfag (som foreslått), VG2 Maritime fag og VG2 Industriell møbelproduksjon. Vidare er det viktig å påpeike at VG1 vil kunne rekruttere til andre utdanningar i Sogn og Fjordane som VG2 Kjemiprosess. Det er mangel på elevar til lære allereie i Nordfjord, og dette vil forsterke seg. Tal læreplassar er i positiv utvikling, og vi bør forvente vekst.
2. Elevar vil i stor grad også i framtida velje tilbod som er på nærskulen sin.
3. Mobilitet for å få læreplass er sjølvstendig viktig, men fleire bedrifter melder samtidig at til lenger lærlingen kjem frå læreplassen til mindre er sannsynet for at lærlingen held fram i bedrifta etter læretid. Vi meiner

dette er eit viktig poeng. Bedriftene bør i lågast mogeleg grad berre vere ein mellombels utdanningsinstitusjon.

4. Innspela frå næringslivet som er komne til Hovudutvalet for opplæring frå næringslivet i Nordfjord synleggjerer at behovet er stort for at fleire tek utdanning innan faget.

VG2 Plast og Komposittfag

Vi er positive til at ein imøtekjem næringslivet sitt behov når det gjelder utdanning innan plast og komposittfag. Samtidig meiner vi at desse plassane må komme i tillegg, og ikkje på bekostning av plassar på Vg2 Industriteknologi. Her er det allereie ei stor utfordring å skaffe næringslivet i Nordfjord nok lærlingar, og i takt med auka tal lærlingplassar ser vi at dette vil tilspisse seg utan tilstrekkeleg med elevar på Vg2 Industriteknologi.

Med beste helsing
for Nordfjord opplæringskontor

Tom-Øyvind Solheim og Leiv Johnny Endal

Sak 17/7383

Opplæringstilbudet for skuleåret 2018 – 2019

Innspel frå vertskommuneordføraren vedr. Sogndal vgs. til Opplæringsutvalet.

Det er føreslege at Vg1 og Vg3 medium og kommunikasjon ved Sogndal vgs. ikkje blir lyst ut.

Det vart lagt opp til ein ny linjestruktur for 2 år sidan. Medialinjene er ikkje lengre yrkesretta, og det førte til ei endring i søkjargrunnlaget.

Mi vurdering er at den nye linjestrukturen bør prøvast ut over 3 år, for å sjekke ut om søkjartala vil auke. Det er for kort tid å konkludere etter 2 år.

Både Sogndal og Førde er kobla på gode og framtidsretta mediemiljø. For fylket meiner eg det vil vere viktig at dette studietilbudet er begge stadene.

Elevane er i eit innovativt miljø på Fosshaugane campus, der dei samarbeider med andre mediebedrifter. Elevane og utdanninga er ein ressurs i denne samanhengen.

Gjennom 14 år har medielinja bygt opp Sogndal filmfestival, ein arena der unge filmskaparar frå Vestlandet kan visa seg fram.

Medielinja har rekruttert godt til vidare utdanning og til mediebedrifter i fylket og landet.

I ei tid der me skal bli ein del av ein større region vil eg meine at det vil vere tenleg å oppretthalde dette tilbudet ved Sogndal vgs. Etter endring av linjestruktur er 2 år for kort tid til å finne ut om medielinja har ei framtid i Sogn.

Dersom ein strekker det litt, kan ein seie at medium og kommunikasjon er den einaste, eller ein av få kreative linjer i Indre Sogn. Gjennom 13 år i den gamle strukturen var søkjartala gode.

Omlegginga til studiespesialiserande linje burde få gå over minst 3 år for å sjå om søkjartala tek seg opp.

Lukke til med handsaminga i opplæringsutvalet.

Sogndal den 15. november 2017

Jarle Aarvoll

Ordfører Sogndal

Merete Husabø Nornes

Fra: Teigen Ola <Ola.Teigen@flora.kommune.no>
Sendt: måndag 20. november 2017 19:23
Til: Karianne Alette Torvanger; Bekka Skaasheim; Merete Husabø Nornes; Alfred Bjørlo; 'Gunn Åmdal Mongstad'; Anders Ryssdal; Ole Johnny Stubhaug; Henrik Oppen; Senea Sabanovic; Sonja Merethe Øvre-Flo; Trude Brosvik Nydal Gustav Johan; Arlene Vågane (arlenevag@gmail.com); Bergheim Oscar; halvord.halvorsen@eninvest.net; Steindal Målfrid
Kopi:
Emne: Om IKT-servicefag ved FVGS

Sak 34/2018 Opplæringstilbudet for skuleåret 2018-2019.

Det er i saka om opplæringstilbudet for skuleåret 2018/2019 foreslått at VG2 IKT- servicefag ved Flora Vidaregåande skule ikkje skal lysast ut. Forslaget er grunngeve med at det i høyringsframlegget, «*Endringar i den yrkesfaglege tilbodsstrukturen*», er foreslått å flytte programområdet over i utdanningsprogram for elektrofag, og at det er fylkesdirektøren si vurdering at fylket ikkje skal tilby programområdet fram til endringane i tilbodsstrukturen trer i kraft skuleåret 2020 - 2021

Den nye yrkesfaglege strukturen er enno ikkje vedteken.

I høyringsframlegget blir det og peika på at utviklinga tyder på at IKT – kompetanse stadig vert viktigare. Dette er i så måte eit godt argument for at Sogn og Fjordane også i framtida bør ha dette tilbudet.

Tilbudet blei etter vedtak i skulebruksplanen lagt som eit fylkesdekkande tilbod ved Flora VGS, og slik eg les saka er skulebruksplanen fortsatt styrande for dei vurderingane som vert gjort.

Viser og til vedtaket frå Fagopplæringsnemnda som seier: Dei fylkesdekkande tilboda må lysast ut med same tal grupper som for skuleåret 2017 – 2018.

Ber med dette om at VG2 IKT Servicefag ved Flora vidaregåande skule vert lyst ut.

Lukke til med arbeidet.

Ola Teigen
Ordførar i Flora Kommune